

Ivar Gundersen trekkjer seg som Rosendal-trenar.

30.05.2014



Ivar Gundersen sluttar som Rosendal-trenar.

Uskedelingen Ivar Gundersen har meldt frå til styret i fotballgruppa i Rosendal Turnlag at han går av som trenar for A-laget. Etter oppmoding skal han leie treningane ut neste veke, men han kjem ikkje til å styre laget i fleire kampar.

Laget har hatt ein tung start på sesongen og ligg no heilt på botnen i 6.divisjon etter at dei har teke eit fattig poeng på dei fem første kampane.

Kristi Himmelfartsdag møtte dei eit anna botnlag, Samnanger, på bortebane, og laget hadde gode forhåpningar om siger og 3 poeng.

Frammøtet var dårlig. Det møtte berre 11 spelarar, og dermed måtte assistent-trenar Tom Enes gå inn i rolla som innbytar.

Kampen starta godt for Rosendal, og etter 18 minuttspel gjekk dei opp i 2 - 0 leiing. Så byrja det å butta i mot, og heimelaget snudde det til 3 - 2 leiing ved pause. I 2. omgang scora begge laga eit mål, og dermed vart det eit skuffande 4 - 3 tap for Rosendalslaget. Asmir Jakupovic(2) og Jonas Havnerås scora for Rosendal som hadde tre uskedelingar på laget. Det var Hermund Døssland, Hans Fredrik Zimmer og Dag Rune Myklebust.

Etter dette tapet ligg laget heilt på botnen på 6.divisjonstabellen.

De kan lese meir om saka i laurdags-Grenda.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Grenda.